



## Sak 35-23 Fastsetting av løn til dagleg leiar

### Tilråding til vedtak:

Styret fastset løn til dagleg leiar slik det går fram av lønsprotokollen.

### Saksutgreiing:

Det har i VØR vore lønsreguleringar i to omgangar i 2023. Dei **sentrale** forhandlingane vart gjennomført i juni. Informasjon frå Samfunnsbedriftene om resultatet og dei endringane det inneber er vedlagt her. Det skulle vidare gjennomførast **lokale** forhandlingar, og i VØR vart dei gjennomførte i oktober. Den lokale protokollen vert ikkje framlagt her, men ein tilleggsprotokoll til den lokale protokollen ligg ved under referatsakene, sjå dokument 37A.

For dagleg leiar framgår det av den inngåtte arbeidsavtalen pkt 3 at «Eventuell lønsjustering vert gjort i samband med årleg lønsevaluering».

Stillinga har ikkje betalt overtidsgodtgjering og det framgår av avtalen at «arbeidstakaren skal arbeide den tid det er nødvendig for å fyllle stillinga på ein god måte».

Styreleiar gjennomførte medarbeidarsamtale med dagleg leiar 22.11.2023. I samband med det vart det også gjennomført ein lønssamtale, der dagleg leiar gav sine innspel i høve til lønsspørsmålet.

Det er styret gjennom drøftingar i lukka møte, som fastset løn til dagleg leiar i form av ein einssidig protokoll.

Vedlagt ligg utkast til einssidig protokoll som styret kan nytte til utfylling og signering.

Hans Peter Eidseflot  
Dagleg leiar

*Vedlegg:  
Forslag til einssidig protokoll*

# **EINSIDIG PROTOKOLL**

## **LØN TIL**

## **DAGLEG LEIAR**

Tilstade for VØR: Styret

Dato / tid: 05.12.2023

## **LOKALE FORHANDLINGAR 2023**

Dagleg leiar får slik løn rekna frå 01.05.2023:

Lønssats kr

Evt kommentar:

For styret: